

2023/2024

Tilstandsrapport for grunnskulen

Innhald

1. Innleiing	2
1. Visjon og fokusområde.....	2
2. Elevar og lærarar.....	3
3.1 Talet på elevar	3
3.2 Lærartettleik.....	4
3.3 Undervisningspersonale	5
3. Læringsmiljø	6
4.1 Elevundersøkinga	6
4.2 Mobbing på skulen	8
4. Nasjonale prøver 5. trinn.....	12
5.1 Rekning	12
5.2 Lesing	13
5.3 Engelsk.....	14
5. Nasjonale prøver ungdomstrinn	15
6.1 Rekning	15
6.2 Lesing	17
6.3 Engelsk.....	19
6. Karakterar og grunnskulepoeng.....	20
7.1 Matematikk	20
7.2 Norsk.....	21
7.3 Engelsk.....	22
7.4 Grunnskulepoeng	23
7. Fråvær og gjennomføring	24
8.1 Fråvær.....	24
7.2 Gjennomføring/overgangar	24
8. Spesialundervisning og inkluderande praksis	25
9.1 Spesialundervisning.....	25
9.2. Alternativ opplæringsarena.....	28
9.3. Særskilt norskopplæring.....	29
9. Etter- og vidareutdanning for lærarar	30
10. Symjeundervisning.....	30
11. Internkontroll (system for oppfølging)	31

1. Innleiing

Den årlege tilstandsrapporten inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skuleeigaren og har kvalitetsutvikling som siktemål. Det er fastsett i opplæringslova og privatskulelova at skuleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i sektoren. For å følgje opp utviklinga på ein god måte er det viktig at styringsorgana i kommunen har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Opplæringslova §13-3 fastslår at den årlege rapporten skal drøftast av kommunestyret.

Kommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultata frå nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører. Tilstandsrapporten skal som eit minimum innehalde opplysningar om læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skuleeigaren kan omtale andre resultat og bruke andre data ut frå lokale behov. Når det blir gjort vurderingar av tilstanden, er det viktig å synleggjere kva for målsetjingar hos skuleeigaren og skulane som dannar grunnlag for vurderinga. Tidleg innsats er vesentleg for å betre elevane sine ferdigheter og den faglege utviklinga. Kartlegging av elevane sitt ferdighetsnivå må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra støtte frå første stund. Tilpassa opplæring og spesialpedagogisk innsats er her heilt sentral.

Målet er kvalitetsutvikling, læring, inkludering og trivsel. Kvalitetsvurderinga er ein prosess der dialogen om kva som er god kvalitet, står sentralt. Sykkylven kommune har no innført faste styringsdialogar mellom kommuneleiinga og den enkelte rektor/skule. Dette er også i tråd med innstillinga som eit offentleg utval la fram i rapporten «Et nytt system for kvalitetsutvikling» (NOU 2023:27). Her blir det foreslått å lovfeste at skuleeigarane og skulane gjennomfører jamlege kvalitetsdialogar. I tillegg kjem utvalet med forslag til fleire endringar av dagens prøver og verktøy som innhentar opplysningar rundt elevane. Dette for å imøtekome det som utvalet meiner må vere formålet med kvalitetsutviklingssystemet, nemleg læring og trivsel.

Talmateriale og resultat i denne tilstandsrapporten er i hovudsak henta frå følgjande kjelder:

- Skulane si årlege GSI-rapportering
- Nasjonale prøver
- Elevundersøkinga

1. Visjon og fokusområde

Visjonen for Sykkylven kommune som skuleeigar er å gi barn og unge skaparglede og lærelyst for framtida gjennom god kvalitet i opplæringa i eit inkluderande og trygt miljø der alle elevane får oppleve ei kjensle av meistring.

Målet er å skape ei samla og tydeleg retning for oppvekstsektoren i Sykkylven kommune. Dette blir gjort både gjennom lokale satsingar som implementering av BTI-modellen (Betre Tverrfagleg Innsats), og gjennom deltaking i regionale kompetanseordningar som «DeKomp» og «Kompetanseløftet for inkluderande praksis og spesialpedagogikk». Dei to sistnemnde ordningane skjer i nært samarbeid med Høgskulen i Volda.

GSI-rapporteringa hausten 2023 syner at ingen av skulane i kommunen har brot på lærarnorma, og at undervisninga blir gjennomført innanfor rammene av lovleg drift. Det var eit stort løft for kommunen då nye Aure barneskule vart opna i oktober 2023. Å samle tre barneskular til ei større eining var ein arbeidskrevjande prosess, og skuleeigar er takksam for den velvilje tilsette viste under denne omstillinga. Resultatet har blitt ein flott skule som kommunen kan vere stolt av.

Denne rapporten prøver å gi eit oversyn over kva område kommunen bør ha fokus på for å betre kvaliteten i grunnskuleområdet. Nokre av fokusområda kjem grunna statlege satsingar, andre fordi vi ser at vi må forbetre oss på område der vi får låg skåre (t.d. Elevundersøking og Nasjonale prøver). Dei komande to åra vil skulane i Sykkylven ha særleg fokus på «Tilpassa opplæring i lesing» og «Tilpassa opplæring i norsk som andrespråk». Dette skjer i regi av DeKomp, med HVO som fagleg samarbeidspartner. Alle skulane i Sykkylven, både kommunale og private, dannar eit eige nettverk som har dette som hovudfokus. Bakgrunnen er m.a. därlegare leseferdigheiter og stadig fleire minoritetsspråklege elevar i kommunen.

I tillegg blir det viktig å vidareføre satsinga på at alle elevar skal ha eit trygt og godt skolemiljø. Dette skal skje gjennom kunnskap og kvalitet i alle ledd, vidare implementering av gode internkontrollrutinar, lav terskel for å etablere aktivitetsplanar for den enkelte elev, og bruk samhandlingsverktøyet Visma Samspill Skole. Skulane er også ein sentral aktør i tverrfagleg samarbeid og heilskapleg tenestetilbod for barn og unge, jamfør kommunens nye «Handlingsplan for førebygging av omsorgssvikt og utvikling av alvorlege åtferdsvanskar».

2. Elevar og lærarar

3.1 Talet på elevar

Sykkylven kommune (eigar) - utvikling

Skuleår	Antal elevar
2023-24	812
2022-23	819
2021-22	860

Samla for alle klassetrinn

Skuleår	Skule	Antal elevar
2023-24	Sykkylven kommune (eigar)	812
2023-24	Sykkylven ungdomsskule	321
2023-24	Aure barneskule	405
2023-24	Sørestranda skule	86

Basert på skulane si GSI-rapportering hausten 2023

Skuleeigars eigenvurdering

Den varsle nedgangen i elevtalet begynner no å gjere seg gjeldande for barneskulane. Samla nedgang er på 20 elevar samanlikna med 2022/2023. Sykkylven ungdomsskule har derimot ein auke på 13 elevar. Her vil nedgangen merkast for fullt først mot slutten av dette tiåret. Kommunen forsøker å marknadsføre dei

kommunale tilboda knytt til opptaksområda. Dette skjer m.a. gjennom prosjekt «Attraktive skular og barnehagar». Ei generell marknadsføring av Sykkylven kommune som ei attraktiv bu- og arbeidskommune som det er verdt å flytte til, vil også vere ei viktig satsing.

3.2 Lærartettleik

Lærartettleik handlar om kor mange elevar det er pr lærar i skulane våre. I fylgje Lærarnorma skal det i snitt pr skule vere maksimum **15 elevar** pr. lærar på 1.-4.klassetrinn og maksimum **20 elevar** pr lærar på 5.-10. klassetrinn.

Lærarnorma er ei norm for forholdet mellom talet på lærarar og elevar i *ordinær undervisning*. Det har ingen ting med kor mange elevar det er i klassen. Ressursar til spesialundervisning og undervisning i særskilt norsk ikkje blir rekna med. Desse lærartimane kjem i tillegg. Lærarnorma er altså ein teoretisk indikator som seier noko om høvet mellom talet på elevar og lærarar i ein gjennomsnittleg undervisningssituasjon. Norma gjeld innanfor kvart hovudtrinn ved kvar enkelt skule.

Lokale mål

Sykkylven kommune har som mål å oppfylle lærarnorma, ha fokus på tidleg innsats og å gi god tilpassa opplæring i heile grunnskulen.

Sykkylven kommune (eigar) | Lærertettleik i ordinær undervisning 1.-4. trinn



Sykkylven kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Alle kjønn, 1.-4. trinn

Sykkylven kommune (eigar) | Lærertetthet i ordinær undervisning 5.-7. trinn



Sykkylven kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Alle kjønn, 5.-7.trinn

Sykylven kommune (eigar) | Lærertettleik i ordinær undervisning 8.-10. trinn



Sykylven kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Alle kjønn, 8.-10. trinn

Skuleeigars eigenvurdering

Alle dei kommunale skulane oppfyller lærarnorma med god margin. Alle skulane har auka lærartettleiken samanlikna med førre året, mest på barnetrinnet. Samanlikna med mange andre kommunar er ressurstilgangen i Sykylven på eit akseptabelt nivå. Både på 1.-4. trinn og 5.-7. trinn er lærartettleiken i Sykylven betre enn både landssnittet (13,6/16,1) og Møre og Romsdal (13,0/14,9). Sykylven ungdomsskule har derimot lågare lærartettleik enn landssnittet (17,8) og Møre og Romsdal (17,4).


Utfordringa har over fleire år vore fordelinga av ressursar mellom skulane. Dei siste åra har kommunen hatt fokus på modellar som skal sikre rettferdig fordeling av ressursane mellom skulane, og dette blir det jobba vidare med.

3.3 Undervisningspersonale

Lokale mål


Sykylven kommune har som mål at alle som underviser i grunnskulane skal oppfylle kravet om godkjend, formell kompetanse.

Sykylven kommune (eigar) | Årsverk personale som blir brukt til undervisning



Sykylven kommune (EIER), Grunnskole, Årsverk for undervisningspersonale, Kommunal, Alle kjønn, Alle trinn

Sykylven kommune (eigar) | Andel årstimer gitt av personale med godkjend utdanning



Sykylven kommune (EIER), Grunnskole, Andel årstimer gitt av personale med godkjent utdanning, Kommunal, Alle kjønn, Alle trinn

Skuleeigars eigenvurdering

Siste GSI-rapportering syner at samtlege 92 lærarar ved grunnskulen i Sykylven oppfyller kompetansekrava for tilsetjing (jf. opplæringslova § 10-1). Dette er særslig gledeleg. Assistentar skal ikkje inkluderast, men dersom assistenter utfører undervisningsoppgåver skal dei rekna som personell som ikkje oppfyller kompetansekrava. Det er altså ikkje tilfelle for Sykylven.

Det er stort fokus i tilsettingsprosessane for nye lærarar at dei fyller kompetansekrava for fag dei skal undervise i. Dette må kommunen fortsette å prioritere. Dette gjeld også i fagområda spesialpedagogikk og norsk som andrespråk der i vi treng lærarar med utdanning i faga.

3. Læringsmiljø

4.1 Elevundersøkinga

Lokale mål


Vi ønsker å oppnå resultat som er like bra eller betre enn gjennomsnittet for landet. Skalaen går fra 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat. Unntak er andel mobba, som er i prosent.

Alle elevar skal inkluderast og oppleve meistring. Det er obligatorisk for skuleeigar og skuleleiarar å gjennomføre elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. klasstesteg. Resultata frå Elevundersøkinga viser elevane si subjektive oppfatning av eigen læringsituasjon. Resultata for alle spørsmåla blir viste i ein eigen rapportportal.


I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:

- Støtte fra lærarane: indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane
- Vurdering for læring: indeksen kartlegg elevane si oppleving av vurderingspraksisen til lærarane, og skal synleggjere kor vidt praksisen hemmar eller fremjar læring. Fire forskningsbaserte prinsipp ligg til grunn (forståing/forventning, tilbakemeldingar, råd og involvering).
- Læringskultur: Indeksen viser om elevane opplever at skulearbeidet er viktig for klassa, at det er arbeidsro i klassa, og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet.
- Meistring: Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skulen.
- Elevdemokrati og medverknad: Indeksen viser elevane si oppleving av kor vidt dei får medverke i arbeidet med faga, om dei får vere med og avgjere klasseregler og delta i elevrådsarbeidet.
- Andel elevar som har blitt mobba (prosent). Elevundersøkinga praktiserer strenge reglar for personvern, og resultata for Sykkylven når det gjeld mobbing blir i stor grad «prikk», dvs. ikkje opne på grunn av for lave elevtal/mobbetalet. Desse dataene ligg altså under publiseringsgrensa.

Sykkylven kommune (eigar) | Elevundersøkinga 7. trinn



Sykylven kommune (eigar) | Elevundersøkinga 10. trinn



Skuleeigars eigenvurdering

Kvar enkelt skule skal nytte resultatata frå elevundersøkinga for å jobbe ekstra med dei områda der dei har lågast måloppnåing samanlikna med landssnittet. Generelt ser vi at både for 7. og 10 trinn gjeld dette områda «Meistring» og «Elevdemokrati og medverknad».

4.2 Mobbing på skulen

Lokale mål

Alle tilsette, barn og føresette skal arbeide saman for å utvikle og oppretthalde eit positivt og inkluderande skolemiljø, fritt for krenkande åtferd. Alle vaksne skal ha ei tydeleg nulltoleranse mot mobbing og utesenging.

- Skulen skal førebyggje og arbeide kontinuerleg for at elevane skal få eit trygt og godt skolemiljø.
- Skulen skal raskt gripe inn mot krenking som mobbing, vald, utesenging, diskriminering og trakkassering når dei vert gjort kjende med slike problem.
- Skulen skal bruke kommunale retningslinjer for korleis mobbesaker skal handsamast.
- Skulen skal gje elevar og føresette god informasjon om dei rettane barnet deira har i saker som handlar om mobbing eller andre krenkingar.


Auka mobbetrend

Etter fleire år med stabile eller dalande mobbetal syner elevundersøkingane at mobbetala har hatt ein klar stigande trend på landsbasis dei siste par åra. Dette er urovekkjande. Barna våre må ha det bra og vere trygge for å lære.


Elevundersøkinga praktiserer strenge reglar for personvern, og resultata for Sykkylven når det gjeld mobbing blir i stor grad «prikk». Det vil seie at dei ikkje kan offentleggjerast på grunn av for lave elevtal/mobbetal. Desse tala slår inn når tala er spesielt lave og dermed lett identifiserebare.

Tabellane under syner prosentandelen elevar som svarar at dei har blitt mobba to-tre gongar i månaden eller oftare. Samleomgrepet «Mobbing i skulen» omfattar følgjande underkategoriar:

- Er du blitt mobba av andre elevar på skulen? (dei høgaste mobbetala ligg her)
- Er du blitt mobba av vaksne på skulen? (dei lavaste mobbetala ligg her)
- Er du blitt mobba digitalt? (denne kategorien synast å auke mest)



Med unntak av 2022/2023 ligg mobbetala på 7. trinn i Sykkylven under publiseringsgrensa. Desse resultata er difor skjerma. Mobbetal for 7. trinn i Sykkylven er lågare enn både landssnittet og fylkessnittet.



Etter 2019/2020 ligg mobbetala for 10. trinn i Sykkylven under grensa for å kunne publiserast. Mobbetala for 10. trinn i Sykkylven er lågare enn både landssnittet og fylkessnittet.

Skuleeigars eigenvurdering

Sjølv om Elevundersøkinga 2023/24 syner at mobbetala i Sykkylven ligg under både landssnittet og Møre og Romsdal så må det framleis jobbast aktivt og målretta for nullvisjonen knytt til mobbing. Mobbetala er høgst på mellomtrinnet, så dette er ei gruppe elevar vi bør ha særleg fokus på i det førebyggande arbeidet.

Eit overordna mål er at alle skal arbeide saman for å utvikle og oppretthalde eit positivt skolemiljø, fritt for krenkande åtferd. Både meistring, motivasjon og trivsel vil vere ein del av dette arbeidet og heng nøye saman. Betre fagleg inkludering og tilpassa opplæring er eit satsingsområde i 2024. Dei fleste elevane i Sykkylvsskulen trivst på skulen, men det er framleis svært viktig å arbeide godt og systematisk med målsettinga om eit trygt og godt skolemiljø. Eit miljø der elevane erfarer meistring både fagleg og sosialt, og der ingen føler seg utestengde. Utvikling av tydeleg klasseleiing er ein sentral del av dette arbeidet.

Eit godt og nært samarbeid mellom heim og skule er særskilt viktig. Når skulen får kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, skal det opprettast ein aktivitetsplan for eleven, der det skal setjast inn tiltak som skal bidra til at eleven igjen opplever skolemiljøet som trygt og godt. Når målet er nådd, og eleven har ei subjektiv oppleveling av å ha det trygt og godt på skulen, skal aktivitetsplanen avsluttast. Undervegs skal planen evaluerast og nye tiltak skal setjast inn ved behov. Heile tida skal det vere eit nært og tett samarbeid mellom heim, skule og eleven sjølv. Barnet si stemme inn i desse sakene er svært viktige. Elevmedverknad er eit krav som også blir skjerpa i ny opplæringslov.

Både Statsforvaltaren og mobbeombodet i Møre og Romsdal har påpeika at skulane generelt har for høg terskel for å opprette saker knytt elevane sitt skolemiljø. Dette har dei kommunale skulane i Sykkylven teke på alvor, og gjennom fagsystemet Sikker Sak ser vi at det stadig vert oppretta såkalla 9A-saker. Talet på saker handlar altså like mykje om administrative kulturar på skulane som at det handlar om utfordringar i elevmiljøet. Systematisk dokumentasjon er ein viktig del av internkontrollsystemet. Målet er å kome inn så tidleg som mogleg, og løyse saka på lavast mogleg nivå, dersom ein mistenker at ein elev ikkje har det trygt

og godt på skulen. Plikta til å observere, følgje med og undersøke er den definitivt viktigaste, og det er denne plikta som utløyser dei andre pliktene. Eigna tiltak skal gjerast, og i mange tilfelle skal det lagast ein skriftleg tiltaksplan/aktivitetsplan.

Statistikk henta frå Sikker Sak syner følgjande:

	Skulemiljøsaker oppretta i 2022	Skulemiljøsaker oppretta i 2023
Aure barneskule (inkl. 3 skular før samanslåing)	16	15
Sørestrand skule	4	3
Sykylven ungdomsskule	22	21
SUM	42	39

Ein del av sakene oppretta i 2022 var også aktive i 2023. Av dei 39 nye sakene som vart oppretta i 2023 er det 22 saker med tiltaksplan/aktivitetsplan.

Enkelte saker kan bli så krevjande for skulen at kommunen sitt støtteapparat må koplast på. I Sykylven grunnskule sine rutinar for å sikre eit godt og trygt skulemiljø står det m.a. at «Skuleeigar skal alltid vere orientert om alvorlege hendingar og skulemiljøsaker». I Sykylven er det først og fremst følgjande støttefunksjonar som kan koplast på i saker som er vanskeleg å løyse:

- PPT
- Skulehelsetenesta
- LOS-funksjon
- Familieteam
- Skulefråværsteam

4. Nasjonale prøver 5. trinn

5.1 Rekning


Lokale mål

Kommunen bør ha som mål å ligge nært landssnittet på alle fagområde, og at færrest mogleg elevar ligg på meistringsnivå 1, og at fleire elevar kan prestere på meistringsnivå 3.

Skuleår	Meistringsnivå	Sykylven (eigar)	Møre og Romsdal	Landet
2023-24	Meistringsnivå 1	42,9%	26,5%	26,3%
2023-24	Meistringsnivå 2	37,1%	48,6%	49,3%
2023-24	Meistringsnivå 3	20,0%	24,9%	24,4%

Sykylven kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 5. trinn - rekning

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Sykylven kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Regning, 5. trinn

Skuleeigars eigenvurdering

At andelen elevar på lågaste meistringsnivå i rekning har blitt dobla sidan 2022/23 gir grunn til bekymring. Kommunen ligg langt under lands- og fylkessnittet på 5. trinn. Det positive er at fleire presterer på høgaste nivå. Skulane/skuleeigar må vurdere kva tiltak som skal setjast inn for dei elevane som slit mest. Satsinga på tilpassa opplæring gjennom DeKomp bør også ha overføringsverdi til rekning. Samtidig må vi ta høgde for at målingar for relativt få elevar kan gi store statistiske utslag.

5.2 Lesing


Lokale mål

Kommunen bør ha som mål å ligge nært landssnittet på alle fagområde, og at færrest mogleg elevar ligg på meistringsnivå 1, og at fleire elevar kan prestere på meistringsnivå 3.

Skuleår	Meistringsnivå	Sykylven (eigar)	Møre og Romsdal	Landet
2023-24	Meistringsnivå 1	42,6%	30,1%	25,1%
2023-24	Meistringsnivå 2	42,6%	48,3%	48,6%
2023-24	Meistringsnivå 3	14,8%	21,6%	26,3%

Sykylven kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 5. trinn - lesing

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Sykylven kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Lesing, 5. trinn

Skuleigars eigenvurdering

Leseferdighetene syner den same utviklinga som i rekning. Andelen elevar på lågaste meistringsnivå har blitt dobla sidan 2022/2023. Tiltak er allereie sett i verk gjennom DeKomp, der skulane i Sykylven samarbeider med Høgskulen i Volda på fokusområda «Tilpassa opplæring i lesing» og «Tilpassa opplæring i norsk som andrespråk». Samtidig må det vere ei fortsatt satsing på kompetanseheving i lærargruppa. Sykylven har ein høgare andel minoritetsspråklege elevar/barnehagebarn enn landssnittet.

5.3 Engelsk

Lokale mål


Kommunen bør ha som mål å ligge nært landssnittet på alle fagområde, og at færrest mogleg elevar ligg på meistringsnivå 1, og at fleire elevar kan prestere på meistringsnivå 3.

Skuleår	Meistringsnivå	Sykylven (eigar)	Møre og Romsdal	Landet
2023-24	Meistringsnivå 1	29,0%	25,3%	25,4%
2023-24	Meistringsnivå 2	55,1%	53,5%	50,0%
2023-24	Meistringsnivå 3	15,9%	21,2%	24,7%

Sykylven kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 5. trinn - engelsk

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.

■ Mestringsnivå1 ■ Mestringsnivå2 ■ Mestringsnivå3



Sykylven kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Engelsk, 5. trinn

Skuleeigars eigenvurdering

Resultata i engelsk syner også ein svak tendens til at fleire presterer på lågaste nivå. Men dette kan skuldast naturlege årskullvariabler, og resultata er nær landssnittet.

5. Nasjonale prøver ungdomstrinn

6.1 Rekning

Lokale mål


Kommunen bør ha som mål å ligge nært landssnittet på alle fagområde, og at færrest mogleg elevar ligg på meistringsnivå 1 og 2. Vi ønsker at fleire elevar kan prestere på dei to øvste meistringsnivåa.

Sykylven kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 8. trinn – rekning

Skuleår	Meistringsnivå	Sykylven (eigar)	Møre og Romsdal	Landet
2023-24	Meistringsnivå 1	11,2%	12,3%	12,7%
2023-24	Meistringsnivå 2	18,4%	21,9%	21,4%
2023-24	Meistringsnivå 3	42,9%	39,4%	37,7%
2023-24	Meistringsnivå 4	20,4%	19,2%	19,4%
2023-24	Meistringsnivå 5	7,1%	7,2%	8,8%

Utvikling Sykylven – rekning 8. trinn:

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Sykylven kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Regning, 8. trinn


Sykylven kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 9. trinn – rekning

Skuleår	Meistringsnivå	Sykylven (eigar)	Møre og Romsdal	Landet
2023-24	Meistringsnivå 1	4,9%	5,2%	6,0%
2023-24	Meistringsnivå 2	17,5%	13,6%	13,4%
2023-24	Meistringsnivå 3	33,0%	34,6%	33,4%
2023-24	Meistringsnivå 4	31,1%	27,0%	26,6%
2023-24	Meistringsnivå 5	13,6%	19,5%	20,7%

Utvikling Sykylven – rekning 9. trinn:

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.

■ Mestringsnivå1 ■ Mestringsnivå2 ■ Mestringsnivå3 ■ Mestringsnivå4
■ Mestringsnivå5



Sykylven kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Regning, 9. trinn

Skuleigars eigenvurdering

Samanlikna både fylkes- og landssnittet har Sykylven litt færre elevar på 8. og 9. trinn som presterer på det høgaste nivået. Men samtidig er det gledeleg at vi også har litt færre elevar som presterer på det lågaste nivået. Samla sett er det eit rimeleg bra resultat.

6.2 Lesing

Lokale mål


Kommunen bør ha som mål å ligge nært landssnittet på alle fagområde, og at færrest mogleg elevar ligg på meistringsnivå 1 og 2. Vi ønsker at fleire elevar kan prestere på dei to øvste meistringsnivåa.

Sykylven kommune (EIGAR) | Mestringsnivå 8. trinn – lesing

Skuleår	Mestringsnivå	Sykylven (eigar)	Møre og Romsdal	Landet
2023-24	Mestringsnivå 1	26,3%	14,1%	12,5%
2023-24	Mestringsnivå 2	24,2%	24,0%	22,1%
2023-24	Mestringsnivå 3	31,6%	38,9%	37,5%
2023-24	Mestringsnivå 4	15,8%	17,5%	19,5%
2023-24	Mestringsnivå 5	2,1%	5,4%	8,4%

Utvikling Sykylven – lesing 8. trinn:

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.




Sykylven kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Lesing, 8. trinn

Sykylven kommune (EIGAR) | Mestringsnivå 9. trinn – lesing

Skuleår	Mestringsnivå	Sykylven (eigar)	Møre og Romsdal	Landet
2023-24	Mestringsnivå 1	6,1%	8,5%	7,7%
2023-24	Mestringsnivå 2	16,2%	14,5%	13,6%
2023-24	Mestringsnivå 3	36,4%	32,7%	32,4%
2023-24	Mestringsnivå 4	32,3%	27,2%	25,8%
2023-24	Mestringsnivå 5	9,1%	17,1%	20,5%

Utvikling Sykkylven – lesing 9. trinn:

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Sykkylven kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Lesing, 9. trinn

Skuleeigars eigenvurdering

Resultata for 8.trinn gir størst bekymring, der ein langt større andel enn landssnittet ligg på lågaste meistringsnivå, og færre på høgaste nivå. 9.trinn har derimot litt færre enn landssnittet på lågaste nivå. Det er positivt. Samtidig veit vi at med eit såpass lite elevutval kan det rimelegvis vere årlege variasjonar som gjer samanlikning med større populasjonar vanskeleg. Tiltaka gjennom DeKomp, der skulane dei nærmaste to åra skal jobbe særskilt med fokusområda «Tilpassa opplæring i lesing» og «Tilpassa opplæring i norsk som andrespråk» vil forhåpentlegvis gi positive utslag.

6.3 Engelsk

Lokale mål


Kommunen bør ha som mål å ligge nært landssnittet på alle fagområde, og at færrest mogleg elevar ligg på meistringsnivå 1 og 2. Vi ønsker at fleire elevar kan prestere på dei to øvste meistringsnivåa.


Sykylven kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 8. trinn – engelsk

Skuleår	Meistringsnivå	Sykylven (eigar)	Møre og Romsdal	Landet
2023-24	Meistringsnivå 1	10,6%	11,1%	10,3%
2023-24	Meistringsnivå 2	16,0%	18,7%	17,2%
2023-24	Meistringsnivå 3	47,9%	44,4%	42,2%
2023-24	Meistringsnivå 4	23,3%	17,9%	20,1%
2023-24	Meistringsnivå 5	3,2%	7,9%	10,1%

Utvikling Sykylven – engelsk 8.trinn:

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.

 Mestringsnivå 1 Mestringsnivå 2 Mestringsnivå 3 Mestringsnivå 4
Mestringsnivå 5



Sykylven kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Engelsk, 8. trinn

Resultat frå engelsk 9. trinn føreligg ikkje.

Skuleigars eigenvurdering


Det er positivt at Sykylven sidan førre måling har klart å redusere andelen elevar som ligg på dei to lågaste meistringsnivåa, og ligg her litt betre an enn landssnittet. Samtidig skulle vi ønske at fleire presterer på det høgaste nivået.

6. Karakterar og grunnskulepoeng


Lokale mål

Karakterar og grunnskulepoeng gjeld for elevar som avsluttar ungdomsskulen. Kommunen har som mål å ligge om lag på nivå med snittresultata for landet.

7.1 Matematikk



Sykylven kommune (EIGAR) | utvikling matematikk standpunkt




Sykylven kommune (EIER), Grunnskole, Matematikk standpunkt, Offentlig skole, Alle kjønn


Skuleeigars eigenvurdering

Resultata syner ei positiv utvikling i standpunkt-karakterane i matematikk, der Sykkylven ligg over landssnittet. Samtidig skåra vi litt lågare enn snittet på eksamen. Samla sett eit tilfredsstilande resultat i matematikk.

7.2 Norsk



Sykylven kommune (EIGAR) | utvikling norsk hovedmål standpunkt




Sykylven kommune (EIER), Grunnskole, Norsk hovedmål standpunkt, Offentlig skole, Alle kjønn


Skuleeigars eigenverdering

Det har vore ei positiv utvikling i norsk skriftleg for avgangselevane ved ungdomsskulen. Vi ligg no om lag på landssnittet både i standspunkt- og eksamenskarakterar.

7.3 Engelsk



Sykylven kommune (EIGAR) | utvikling engelsk standpunkt



Sykylven kommune (EIER), Grunnskole, Engelsk standpunkt, Offentlig skole, Alle kjønn

Skuleegars eigenvurdering


Utviklinga i engelsk er positiv, og dei siste eksamensresultata for ungdomsskulen synte signifikant betre resultat enn både fylkes- og landssnitt.

7.4 Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er ein samla gjennomsnittleg poengsum rekna ut frå alle standpunkt- og eksamenskarakterane på vitnemålet, og er med på å danne grunnlaget for opptak til vidaregåande skole.

Lokale mål

Sykylven har som mål å ikkje ligge under landssnittet.



Sykylven kommune (EIGAR) | utvikling grunnskulepoeng

For skoleårene 2019-20, 2020-21 og 2021-22 er grunnskolepoengene kun basert på standpunkt-karakterer, som følge av at alle eksamener for elever i grunnskolen ble avlyst. NB: Y-aksen starter ikke på null.



Skuleeigars eigenvurdering

Sjølv om gjennomsnittleg poengsum gjekk litt ned i 2022/2023 har Sykkylven i løpet av dei siste åra klart å tette «gapet» opp til landssnittet. Vi skårar no hårfint betre enn det som er gjennomsnittet i Noreg.

7. Fråvær og gjennomføring

8.1 Fråvær

Lokale mål

Bekymringsfullt fråvær kan ha store faglege, sosiale og psykiske konsekvensar for eleven. Målet er å redusere all uønska fråvær til eit minimum.

Gjennomsnittleg tal på fråværsdagar i Sykkylven, 10. Klassetrinn:

2022/23	2021/22	2020/21	2019/20	2018/19	2017/18	2016/17	2015/16
10,5	5,0	8,0	4,0	7,0	8,0	3,0	4,0

Gjennomsnittet for landet var 8,0 dagar i 2022/23.

Skuleeigars eigenvurdering

Med unntak av 10. årstrinn er det mangefull statistikk på fråvær. Trenden er at fråværet aukar både i Sykkylven og på landsbasis. Dette kan ha mange årsaker og er eit samansett problem. Det kan vere både individuelle, familierelaterte og skulerelaterte årsaker til høgt skulefråvær. Sykkylven kommune har ein eigen [handlingsplan ved bekymringsfullt fråvær](#) som skal følgjast. Det viktigaste skulen kan gjere for å førebygge skulevegring er å jobbe med eit trygt og godt skulemiljø for alle elevar. Eit godt samarbeid mellom skule og heim kan vere avgjerande for å fange opp og forhindre bekymringsfullt fråvær. Det er viktig å fange opp potensiell skulevegring tidleg nok, og sette inn gode tiltak. Dette bør byrje allereie i barnehagen. Nyare forsking viser at ein bør vere ekstra merksame på overgangen mellom småskuletrinnet og mellomtrinnet (4. og 5. klassetrinn).

7.2 Gjennomføring/overgangar

Lokale mål

Kommunen har som mål at alle grunnskulelevane som er i stand til det, går over til og fullfører vidaregåande skule etter 10. trinn.

Sykkylven kommune (EIGAR) | Overganger frå grunnskole til VGO

År	Andel overgangar
2023	98,9
2022	98,2
2021	98,6
2020	100,0
2019	98,1

Sykylven kommune (EIGAR) | Overgangar frå grunnskule til VGO | Geografisk samanlikning

År	Sykylven kommune (eigar)	Møre og Romsdal	Landet
2023	98,9	98,0	97,2

Skuleeigars eigenvurdering

Sjølv om Sykylven har betre resultat enn både fylket og landet er dette eit område som kommunen framleis må ha stort fokus på. Ikkje minst sett i lys av tendensen til auka skulefråvær. Temaet står på dagsordenen i både rektorkolleget og på skulane, og det er viktig å ta dette på alvor og følgje tett opp i det vidare arbeidet både på skulenivå og på kommunenivå. Her må vi satse på førebygging og ei felles forståing for kva som er bekymringsfullt fråvær slik at vi kan setje inn tiltak tidleg. LOS-funksjonen på ungdomsskulen spelar ei viktig rolle, og tett tværfagleg samhandling med bl.a. PPT og skulefråværsteamet er nødvendig for å lukkast med dette.

8. Spesialundervisning og inkluderande praksis


9.1 Spesialundervisning

Lokale mål


Målet er at kommunen gjennom tidleg innsats, tilrettelegging og tilpassa opplæring klarer å redusere behovet for spesialundervisning. Gjennom målretta tiltak på lågare klassetrinn skal ein forsøke å redusere behovet for spesialpedagogiske tiltak på høgare klassetrinn. Utvikling av inkluderande læringsmilø skal redusere andelen elevar som mottek spesialundervisning.

Andel elevar i kommunale skular i Sykylven som får spesialundervisning etter enkeltvedtak (GSI):

	2020/21	2021/22	2022/23	2023/24
1.-4- trinn	9,4%	7,6%	10,9%	8,7%
5.-7. trinn	14,2%	12,3%	14,5%	13,8%
8.-10. trinn	15,5%	15,2%	17,5%	19,6%



Utvikling samanlikna med landssnitt – alle klasstrinn samla



Skuleeigars eigenvurdering

Som vi ser av tabellane er Sykkylven kommune langt i frå målsetjinga. Andelen elevar som får spesialundervisning på ungdomsskulen aukar. Samla sett er det langt fleire elevar i Sykkylven (14,4%) som har vedtak om spesialundervisning enn gjennomsnittet for landet (8,1%). Kor vidt dette skuldast ulik

praksis/terskel eller om det har si årsak i reelle skilnader i behovet er uvisst. Men uansett vert det no jobba lokalt både med måten ein organiserer klasseundervisninga på og tiltak for å heve kvaliteten på det ordinære undervisningstilbodet. Dette gjeld både gjennom formell kompetanseheving/vidareutdanning og gjennom forsøk på meir inkluderande undervisning i tråd med den nasjonale satsinga «Kompetanseløftet for inkluderande praksis og spesialpedagogikk». PPT er ein viktig samarbeidspartner i dette arbeidet.


Målet er å avdekke særskilte behov så tidleg som mogleg. Ofte skjer dette i barnehagen. Forskinga er eintydig på at den beste måten å nytte ressursane på er tidleg hjelp og støtte til barn/elevar, før problema får vekse seg store og det gjerne oppstår tilleggsvanskar. Men det er ei reell utfordring at dei elevane som først har fått eit enkeltvedtak om spesialundervisning som regel blir «tilgodesett» med dette resten av grunnskuleløpet. Dette er ei problemstilling som blir mykje diskutert i PPT og blant rektorane.

Spesialundervisning er knytt til ein individuell rett, og alle foreldre/føresette ønsker naturlegvis sitt barns beste. Samtidig er det viktig at tiltaka er kunnskapsbaserte. Nyare forsking viser m.a. at bruk av ekstra assistent til eit barn samla sett har ein negativ effekt pga vaksenavhengigkeit (Hattie 2023). Det er viktig å formidle kunnskapen ut.

Mange elevar opplever det som vanskeleg å måtte forlate dette fellesskapet for å gå til gruppe- eller eineundervisning. Dei mister også ein del læring i det sosiale fellesskapet og heilskapen i det som skjer i klassa forøvrig, av både faglege og sosiale aktivitetar. Samtidig er det viktig at elevar som treng øving på spesifikke område også kan få høve til å få dette i meir skjerma omgjevnadar. Det er også elevar som vil ha behov for skjerming og pausar i løpet av dagen for å roe ned stressnivå og hente seg inn att.

Dette betyr sjølv sagt at vi ikkje kan miste fokus på dei elevane som på grunn av sine individuelle føresetnader for læring har behov for intensiv, varig og omfattande individuell tilrettelegging av det pedagogiske tilbodet i skulen:

Inkluderende støttesystem (Response to intervention) Mitchell, 2014)




9.2. Alternativ opplæringsarena

Lokale mål

Hovudregelen er at eleven skal ha opplæringa si i klassa/basisgruppa. Likevel kan det vere at enkelte elevar av ulike årsaker treng ein alternativ opplæringsarena for å få eit forsvarleg utbyte av opplæringa. Dette skal då vere eit tiltak etter prinsippet om tilpassa opplæring, og kan gjelde for ein kortare eller lengre periode. Målet er at den alternative opplæringsarenaen skal ha eit godt pedagogisk innhald, og at det er omsynet til eleven (ikkje skulen/kommunen) som er avgjerande for bruken av dette tilbodet.

Alternativ opplæringsarena – utvikling Sykkylven (eigar):



Skuleigars eigenvurdering

For at eit elev skal få ein alternativ opplæringsarena må dette vere heimla i enkeltvedtaket om spesialundervisning. Trenden syner eit auka behov. Av dei elevane som har hatt alternativ opplæringsarena i Sykkylven dei fem siste åra har 94% vore gutter. Skulane må difor legge stor vekt på betre tilpassa opplæring/tilrettelegging for denne gruppa innanfor det ordinære opplæringstilbodet. For dei elevane som likevel har behov for eit alternativt opplegg er det viktig at ein i åra framover, innanfor gitte rammer, forsøker å etablere så varierte tilbod som mogleg. Gardsskulen er eit slikt tilbod for elevar i barneskulane. Like eins har ungdomsskulen eit alternativt tilbod som møter elevane på deira interesseområde innan gardsarbeid, verkstadarbeid, matlaging m.m. Elevane opplever meistring gjennom praktiske aktivitetar. Men det bør også jobbast vidare med nye tilbod for dei elevane som ikkje har interesse innan dei alternative områda som vert tilbydd i dag. Elevane kan nytte alternativ opplæringsarena ein halv dag per veke eller meir, avhengig av kva som fungerer best for den enkelte. Barnets beste skal vere eit grunnleggande omsyn.

9.3. Særskilt norskopplæring

Lokale mål

Målet er at eleven lærer seg norsk godt nok til at han/ho raskast mogleg kan følgje den ordinære opplæringa i skulen.

Utvikling av talet på elevar som får særskilt norskopplæring etter § 2-8 i opplæringslova:



Skuleeigars eigenvurdering

Særskilt norskopplæring er ein individuell rett etter opplæringslova, og skulen skal difor fatte enkeltvedtak dersom kartlegging syner at eleven ikkje har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje ordinær undervisning. Sykkylven har talet på elevar med særskilt norskopplæring nær firedobla seg dei siste fem åra. Dette har naturleg samanheng med fleire flyktningar/innvandrarar i kommunen. Det er viktig med undervegskartlegging av desse elevane, som grunnlag for å avgjere når han/ho kan følgje ordinær opplæring. Tilbodet kan bli gitt som tilrettelagt opplæring i ordinær klasse, eller i eigne grupper. Dette er eit viktig utviklingsområde for skulane i Sykkylven. Gjennom temaet «Tilpassa opplæring i norsk som andrespråk» (DeKomp) har skulane særleg fokus dette. Vi har også lærarar som tek vidareutdanning innan andrespråkspedagogikk. Samtidig er det viktig å understreke at alle lærarar på skulen, uansett fag og trinn, er språklærarar. Elevane bør vere mest mogleg i klassa etter kvart som dei har oppnådd eit visst språknivå.

9. Etter- og vidareutdanning for lærarar

Kompetanse for Kvalitet – vidareutdanning

I skuleåret 2022/2023 er det sju lærarar som tek vidareutdanning innanfor Udir si KfK-ordning, og 2 lærarar innanfor regional ordning. Faga dei tek er spesialpedagogikk (3), andrespråkspedagogikk (2), matematikk (2/regionalt tilbod), programmering (1) og praktisk-pedagogisk utdanning for allmennfaglærarar (1).

Komande skuleår er det ein lærar som har fått godkjent søknad om rektorutdanning. I tillegg er det seks lærarar som har fått godkjent vikarordning frå kommunen, og som skal ta vidareutdanning i engelsk (2), spesialpedagogikk (1), andrespråkspedagogikk (1), kroppsøving (1) og profesjonsfagleg digital kompetanse (1).

Desentralisert kompetanseutvikling – etterutdanning

Statsforvaltaren fordeler tilskot frå staten til regionane, som regionvis inngår samarbeid med høgskule-/universitet om gjennomføring av etterutdanningstilbod. For Sykkylven sin del er det Nordre Sunnmøre region som koordinerer etterutdanningstilboda i samarbeid med Høgskulen i Volda / NTNU Ålesund. Alle kommunane er med i utarbeidinga av ein plan for satsingsområde, som vert sendt til statsforvaltaren årleg. Skulane i Sykkylven utgjer eit eige nettverk som koordinerer sine satsingsområde i samarbeid med høgskulen i Volda (HVO.) Dei komande to åra skal fokus rettast mot tilpassa opplæring, med hovudvekt på dei to områda lesing og norsk som andrespråk.

I tillegg skal skulane delta i den statlege satsinga «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis». Etter ei grundig behovskartlegging (KOSIP-undersøking) står regionen og kommunane no i startgropa for den meir praktiske og faglege gjennomføringa. Også dette med HVO som samarbeidspartnar.

Fleire lærarar på ungdomsskulen har meldt seg som sensorar på munnleg eksamen, og desse deltek på regionale samlingar der dei har erfaringsdeling saman med lærarar/sensorar frå andre kommunar.

Førebuing og gjennomføring av eksamen må også sjåast på som ein del av kompetanseutviklinga.

10. Symjeundervisning


Alle skulane tilbyr symjeundervisning/tilvenning i vatn. Men kapasiteten ved symjehallen er ei utfordring. Det er for lite disponibel halltid i forhold til antal klasser. Dette skaper nokre «hol» i opplæringa, og inneverande skuleår har dette gått utover 1. og 2. klassetrinn. Tidlegare har også transport til og frå symjehallen vore ei utfordring for dei skulane som ligg eit stykke unna symjehallen på Aure. Etter at den nye sentrumsskulen kom i drift er ikkje dette lenger noko problem, bortsett frå Sørestranda skule som har måttå etablere skyssordning til symjehallen for å sikre at dei får eit likeverdig tilbod samanlikna med andre elevar. Sørestranda har også gjort avtale med symjeklubben om fagleg symjeopplæring for 4. klasse, for å sikre at alle lærer seg å symje. Dette vil også Aure barneskule forsøke å få i stand. Det er viktig at symjetilbodet på barneskulane blir relativt likt i omfang/kvalitet og at alle elevane får same høvet til å lære seg å bli trygg i vatnet og oppnå tilfredsstillande symjeferdigheiter.

Skulane har fått tildelt så mange klassetimar i symjehallen på Aure kvar veke dette skuleåret:

*Aure barneskule/17 timer *Sørestranda skule/6 timer *Sykkylven ungdomsskule/5 timer

11. Internkontroll (system for oppfølging)

Kommunelova § 25-1 stiller krav til kommunen sin internkontroll. Kvalitetsrådgjevar i kommunen har i løpet av det siste året lagt ned eit stort arbeid med å systematisere og forenkle kvalitetssystemet i organisasjonen. Dette er no samla på framsida til kommunens intranett. Her kan skulane enkelt gå inn og melde avvik, føreta risikovurderingar, finne aktuelle dokument... etc.



Internkontrollsystemet på skulenivå omfattar m.a.:

- **Dokumentbiblioteket:** Her ligg ulike planar, rutinar, reglement, lovverk m.m.
- **Avvik:** Tre ulike «knappar» som styrer avviksmeldingar, behandling/oppfølging av avvik og forbetringsforslag
- **Riskovurderingar:** Kommunen nyttar det digitale verktøyet Whatif. Her kan skulane enten nytte standardiserte risikovurderingar eller skreddarsy sine eigne risikovurderingar knytt til spesifikke område/tema
- **Opplæring:** Ein eigen modul som gir tilsette opplæring i dei mest sentrale verktøya knytt til kvalitetsarbeid/internkontroll
- **Heilskapleg styring:** Eit styringssystem som skal sikre at kommunen blir styrt i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover, forskrifter, kommunale planar, interne rutinar og politiske vedtak, og at det er ein raud tråd frå samfunnsplanen og ut til tenestene som vert ytt i einingane (oppdragsbrev, leiaravtalar, rapportering, styringsdialogar, årsmeldingar/årsrapportar, vedtaksrekneskap, budsjett- og økonomiplan m.m.)

I tillegg inngår også ulike digitale fagsystem og verktøy som ein del av internkontrollen og kvalitetsoppfølginga. Døme på dette er Visma Sikker Sak Skule, Visma Samspill Skule og BTI-handlingsrettleiar. Dei to sistnemnde er i implementeringsfase. Desse verktøya skal sikre at skulane oppfyller mål og lovkrav, og fangar opp problem og utfordringar i tide.